



* Volda rideklubb sitt lag gjekk heilt til topps i KM lag for hest laurdag. F.v. Anja Grønnevik Kirketeig med Aruba, Ida Kristine Standal Eikrem med Heidrid og Hanne Brunvoll med Maksimus. (Foto: Evelyn Brunvoll)

i dressurriding:

la vann urransen

gingsstadiet, men i framtida vil det kunne lette gjennomføringa av konkurransane med at vi vil kunne vere under tak, fortel Wan-gen Mork.

Rekvirering av stallplass til deltakarane var ei utfordring framfor meisterskapen denne gongen, men med eit nytt anlegg vil alle deltakarar kunne bruke fasilitetar utan å transportere hestane til og frå arenaen.

Ung veteran

Isabell Aambø (13) var ein av dei stemneleiarar var godt nøgd med under konkurransen. Aambø fekk sin første hest då ho var fem år gammal. Med unntak av ei kort periode då familien flytta frå Stavanger til Volda, har det gått i eitt.

– Hest har alltid vore hovudinteressa mi, og ei stund hadde eg vene som heldt på med same hobbyen. I dag er eg åleine om det, men trivst godt likevel, seier ho. Aambø brukar om lag 6–8 timer på hest kvar veke, og har berre fri onsdagar, då ho nyttar tida til musikkøving.

Vil gå på folkehøgskule

Den unge ryttaren har ikkje berre ein, men to hestar, Goldy og Atlas. Sistnemnde var den ho nyttar dei to konkurransedagane, medan Goldy meir eller mindre er blitt pensjo-

nist.

– Korleis ser du føre deg fram-tida? Vil du halde fram som konkurranseryttar når du vert eldre?

– Ja, det vil eg gjerne, men det blir lenge til, seier Isabell. Mor Bodil legg til at tida får vise. Ei moglegheit er Fjordane Folkehøg-skule, som fokuserer på hestesport i undervisninga.

Nybyrjarar kan leige

Stemneleiar Wangen Mork legg ikkje skjul på at hestehald kan vere dyrt.

– Er det likevel moglegheiter for ei lita jente eller gut som vil vere med, men som ikkje har eit stort budsjett for fritidsaktivitetar?

– Det er to moglegheiter. Enten kan ein kjøpe hest sjølv, eller så kan ein disponere ein hest ved å betale for fôr, fortel Mork. Volda rideklubb tilbyr også interesserte barn og unge ein introduksjon til hestesporten gjennom ulike ride-kurs vår og haust.

ØIVIND JENSEN



* Gullvinnar Camilla Therese Tafjord med Østrupsgård Ram-Å-Jean (Nordvest Hestesportsklubb). (Foto: Evelyn Brunvoll)



* Liv Jorunn Nyhagen frå Volda rideklubb lånte sportsponnien Atlas Stengaard til KM, og tok sølv i KM senior individuelt. (Foto: Evelyn Brunvoll)



* Anja Grønnevik Kirketeig og Aruba frå Volda rideklubb tok bronse i KM senior individuelt, etter fleire års stemnepause. (Foto: Evelyn Brunvoll)



* God stemning: På den andre konkurransedagen var det gråvær, men opplett, og færre tilskodrarar enn laurdag.